

Mobbing på arbeidsplassen

Lars Johan Hauge forsvarte 24. august 2010 avhandlinga *Environmental antecedents of workplace bullying: A multi-design approach* for ph.d.-graden ved Universitetet i Bergen. **Kontakt:** ljh@stami.no

Avhandlinga viser at konfliktfylte arbeidsmiljøforhold og negative leiingsformer har klare samanhengar med mobbing. Arbeidstakarar som blir utsette for mobbing, rapporterer sitt arbeidsmiljø som meir negativt enn dei som ikkje blir utsette for mobbing. Arbeidstakarar som opplever konfliktfylte arbeidsmiljøforhold, har dessutan auka risiko for sjølv å mobbe andre. I tillegg viser funna at det er systematiske skilnader i utbreiing av mobbing mellom avdelingar. I avdelingar prega av negative arbeidsmiljøforhold, rapporterer tilsette meir mobbing enn i avdelingar prega av meir positive arbeidsmiljøforhold.